



Valle Idrottslag

www.valle-il.no | post@valle-il.no

Postboks 7, 4747 Valle

Bankkonto: 2890.20.60075

Styreleiar Anne Liv Lidtveit, telefon 99386630

Styremøte i Valle IL 20.09.2016

Desse møtte:

Anne Liv Lidtveit (leiar)
Elisabeth Spockeli
Gunnar Brottveit
Karianne Åkre
Lise Fosså
Bjørgulv Sverdrup Lund
Cecilie Haugen
Torleif Harstad

1) Referatsaker

a. Treningstider for skuleåret 2016/2017

Anne Liv har endra på tidene. Ein treng nokon til å vere ansvarleg for badminton.
Det er ledig i hallen tysdag klokka 20.00.
Timeplanen for fotballen er ikkje klar, manglar fortsatt nokre trenarar.

b. Klubbhus

Anne Liv orienterte. Det er allereie spurt føretak om dei kan stå for ulike ansvarsområder. Klubbhus skal opp som sak til kommunestyret i morgon, har vore oppe i formannskapet. Budsjettet må vere i orden, og formaliteter må vere på plass. Det er planlagt å få på plass søknad til våren, ein må høyre med kommunen om det er nødvendig handsame søknaden som ein dispensasjonssak.

2) Nytt medlem av valnemnda

Tor Viki har vore i valnemnda til i år, men er på val. Dette blei gløymt til årsmøtet, men styret er gitt i oppdrag å finne eit nytt medlem til valnemnda i årsmøtet. Per i dag sit Knut H. Rysstad og Margit Dale (leiar) i valnemnda. Eg ber styret tenke på namn!

Karen Marie vert foreslege, Anne Liv ordnar med dette.

3) Stønad til utøvarar

Ein ønskjer å ha utbetaling av stønader til utøvarar i Valle IL i desember, og må derfor lyse ut søknaden nå.

Legg ved retningslinjene vedtatt av styret i møte 11. november 2015:

* *Utøvarar kan søkje frå året dei fyller 13, til og med året dei fyller 23 år.*

* *Det er utøvaren sjølv som må søkje om stønad. Søknadar på andres vegne vert ikkje behandla.*

**Stønaden gjeld utøvarar som er medlem av Valle IL og representerer Valle IL på region/krets nivå.*

**Søknaden må innehalde: kostnadsoverslag/utgiftsdokumentasjon for sesongen ein søker stønad til, plan for kortsiktig og langsiktig satsing, tidlegare oppnådde resultat, framtidige målsetjingar, og treningsplan for sesongen*

**Søknadsfrist: 15. desember*

Frist vert sett til 01. november. Dette må publiserast.

4) Klatrevegg i Vallehalli

Åse Solbakk var invitert til å orientere.

Cecilie og Åse informerte om saka. Arne Holtskog ynskjer å ha eit bygg på Helle som kan kombinerast med klatreveggen, men det er vanskeleg med eit samarbeid. Dermed vart plassering av klatreveggen endra til idrettshallen i nord - enden. Det manglar eit tilbod om innandørs klatring. På Dalen har ei skaffa seg ein bra vegg, kan vere lurt å sjå på den. Kan vere kjekt med eit overheng i veggen.

Dersom me har ein klatrevegg innendørs kan ein også halde kurs innandørs, lågare terskel for å drive klatring inne. Det kan vere ein utfordring økonomisk samtidig som me bygger klubbhus, ein bør søke om midlar til dette og sjekke ut priser. Det er lite utgifter ved vedlikehald på ein slik vegg. Valle IL er i utgangspunktet positive. Men me ynskjer å kjøpe nytt og ikkje bruka.

Ein må høyre med kommunen om dei vil disponere hallen. Det krevjast då at hallen er open for alminneligheita. Me bør ta det opp på årsmøtet. Ein må først avklare ein del på forhand for å få det gjennom.

Andre saker:

- Dag Otto er ledig til sprekleiken, dette må avklarast før 25. september. Me ynskjer ikkje å bruke så mykje pengar på den eine dagen, slik me gjorde i fjor.
- Spørje nokon om å vere med i møykjeromgruppa.
- Frisbee golf - Svenn Magne var interessert, forslag om at Brokke overtek dette då interesserte ikkje er innanfor målgruppa til Valle.
- Det vil kome ei turnhelg, enten i Valle eller på Hylestad.

Neste møtedato vert sett til 18.10.2016.

- Møtet slutt-
Lise Fosså - sekretær